



**Årsmelding for Gloppen hagelag  
2023**





VELKOMEN TIL ÅRSMØTE I

GLOPPEN HAGELAG

DET NORSKE HAGESELSKAP AVD. GLOPPEN

TYSDAG 23. JANUAR 2024 ca. kl. 20:30

Tema i forkant av sjølve årsmøtet vert «Hagen og kunstverka til Astrup, med fokus på vegetasjon» ved Solveig Berg Lofnes

***Det norske hageselskap sitt formål er å fremje hageglede og formidle kunnskap om berekraftig hagekultur, naturmangfald og positive helseeffektar av grønne omgjevnader.***

## Årsmelding for Gloppen hagelag 2023:

### Styret i Gloppen Hagelag 2023:

Styremedlem: Jorun Tennebø

Styremedlem Ingvild Helle Bolstad

Styremedlem: Ragnhild S. Eimhjellen

Styremedlem: Grethe Myklebust Gausdal

Styremedlem: Ann Iren Fostervoll\*

Styremedlem: Audun Mundal\*

Kasserar: Randi Nygård Hansen- vald i tillegg til styret

Varamedlem: Eva Skrivervik Alme\*

Varamedlem: Anne Marie Kalstad\*

Namn merka med \* er på val i 2025.

Revisor: Turid Bøyum (på val kvart år)

Valnemnd: Merete Knoff (på val 2024)

Anne Grete Hoddevik (på val 2024)

Inger Kristin Myklebust (på val 2025)

Representasjon: På fylkesårsmøtet i Hageselskapet Sogn og Fjordane på Sandane møtte Ingvild Helle Bolstad og Eva Skrivervik Alme som representantar for Gloppen Hagelag.

## Årsmøte 2023

Møtet var 25.01.2023, på Gloppebua. Til stades: 9 medlemmer + styret

1. Godkjenning av innkalling: *Godkjend*
2. Godkjenning av saklista: *Godkjend. Innspel i løpet av møtet: Vi flyttar valet fram som sak 7 pga. at leiar i valnemnda må gå. Dette vart godkjent av årsmøtet, utan innvendingar.*
3. Val av møteleiar: *Jenny Hysing*
4. Val av referent: *Ingvild Helle Bolstad*
5. Val av medlemmer til å skrive under møteboka: *Marit Helle Bolstad, Halldis Kårstad*
6. Årsmelding for 2022  
*Kort gjennomgang av årsmeldinga. I år har vi ikkje måtte ta omsyn til smitterestriksjonar, og ting har gått etter planen. Det har gjort godt for styret; mykje meir føreseieleg, og mindre å tenkje på. Hjardebarnet vårt er frøbiblioteket, og det held vi fram med også i komande år. Elles observerer vi at suksessen med stell og poding av frukttre frå fjoråret held seg. Derfor tek vi eit nytt møte om det i år. Hagevandringar er også populære, likeeins matrelaterte tema. Hageloppemarknaden gjekk fint, men gav likevel ca. 6 000 kr mindre i inntekter enn året før.  
Årsmeldinga vart godkjend utan kommentarar. Innspel til det nye styret: Flytte på møtedagane, ikkje berre ha det på onsdagane.*
7. Rekneskap for 2022 (forskjøve til sak 8 osv.). *Kasserar Randi Hansen gjekk gjennom. Overskot på ca. 15 000 kr. Laget har god økonomi. Rekneskapan vart godkjend utan innspel.*
8. Aktivetsplan for 2023 *Planen er ikkje så spikra som den har vore andre år, men temaa er lagde. I år skal vi vere arrangørar for fylkesårsmøtet. Vi skal ha besøk av Tommy Tønsberg, så vi må passe på å reklamere til alle hagelaga i regionen.  
Aktivetsplanen vart godkjend utan innspel.*
9. Budsjett for 2023 *Vi foreslår i utgangspunktet eit budsjett der utgifter og inntekter går opp i opp. I tillegg foreslår vi å løyve inntil 15 000 til prosjekt pallekarmar. Dette prosjektet vil vi søke om ekstra middel til, i samarbeid med kommunen. Viss vi får midlar kan det hende det ikkje vert naudsynt å bruke midla vi har sett av.  
Budsjettet vart godkjent utan innspel*
10. Sak frå styret: *Namneendring, frå «Hageselskapet Gloppen» til «Gloppen hagelag» Folk brukar «Gloppen hagelag» i daglegtale. Dei fleste lag går tilbake til dette namnet, etter å ha*

vore pålagt namneendring til Hageselskapet Gloppen for nokre år sidan. Vi foreslår det same for vårt lag.

Forslaget vart samrøystes godkjent.

11. Val ved leiar i valnemnda (flytta fram som sak 7). Det nye styret var vald ved akklamasjon. Ingvild Helle Bolstad, Ragnhild Eimhjellen, Grethe Myklebust Gausdal og Jorun Tennebø held fram i styret. Audun Mundal, Ann Iren Fostervoll, Eva Skrivervik Alme og Anne Marie Kalstad er nye styremedlemmer. Randi Hansen Nygård held fram som kasserar, men sit ikkje i styret. Dette er ei ordning som har fungert godt, og Randi fekk blomar som takk for innsatsen. Merete Knoff sa ja til eitt år til i valnemnda. Dei to andre i valnemnda var ikkje på val. Det er Anne Grete Hoddevik (på val 2024) og Inger Kristin Myklebust (på val 2025). Til slutt på årsmøtet takka vi av desse for god innsats som styremedlemmer i Gloppen hagelag: Torill Rygg (7 år i styret), Mari Heggheim (4 år i styret), Jenny Hysing (11 år i styret), Margit Nyhammar (5 år i styret).

### **Medlemsmøte og aktivitetar i 2023:**

Aktivitetane våre har stort sett gått etter planen. Vi har hatt varierte tema – med faglege innlegg og praktiske aktivitetar både med tilreisande foredragshaldarar, og med personar frå lokalmiljøet.

Vi legg vekt både på det faglege og det sosiale. Kaffi og god kaffimat er viktig, det same er lotteria. Når vi er innandørs pyntar vi borda med dukar og det vi har tilgjengeleg i egne hagar av bordpynt. Eigenproduserte plantar til gevinstar er populært, og vi nyttar det så langt vi kan. Vi ser at desse vinstane er vel så populære som det vi kjøper. Vi kjøper inn vinstane på dei lokale butikkane, og forsøker å spreie innkjøpa så godt som mogleg, så vi støttar så mange som råd.

### **Januar:**

#### **26.01.2023: Temamøte: Vedlikehald av hagereiskapar, v/ Olav Bjørn Tystad.**

Dette temamøtet arrangerte vi i forkant av årsmøtet vårt. Olav Bjørn Tystad hadde med seg mykje forskjellig hageutstyr. Han teikna og forklarte korleis vi skulle stelle dei viktigaste hagereiskapane, og imponerte oss med grundige kunnskapar, både teknisk og praktisk. Han

snakka om stell av både manuelle reiskapar, som t.d. ljà eller hagesaks, reiskapar som går på batteri, og reiskapar som er motoriserte.

## Februar

### 01.02.2023: Plantebonanza med Anders Røyneberg (@arcticgardener) og Eirik Schjerven



Dette foredraget var årets storsatsing på utgiftssida. Heldigvis blei det også ein av årets store suksessar med litt over 60 oppmøtte. Ekstra kjekt var det at det var fleire i publikum som var på hagelagsarrangement for fyrste gong. Røyneberg og Schjerven leverte eit godt fagleg foredrag, med fin variasjon og inspirerande bilete. Dei snakka med utgangspunkt i boka si, *Plantebonanza*, og egne erfaringar med stell av inneplanar- og om grøn styling i heimen sin på Hadeland. Dei hausta mange lovord frå inspirerte publikummarar. Ekstra kjekt var det at dei tok seg tid til å selje- og signere bøker etter foredraget, og at dei hadde med eigen blomsterpremie som vart trekt ut til ein av publikummarane.

Foredraget var eit samarbeid med Gloppen folkebibliotek, og var også delvis spona av fylkeslaget, sidan foredragshaldarane var på ein miniturné i fylket. Samarbeidet med biblioteket fungerte heilt ypperleg. Dei stilte bibliotekslokala til disposisjon for foredraget, og hadde pynta kjempefint med inneplantar som dei har på biblioteket. Dei tok også ansvar for lyd, og gav veldig god drahjelp til promotering av arrangementet. Begge partar var så nøgde med samarbeidet at vi kjem til å gjenta suksessen også i 2024.

## Mars

27. mars: Lær å lage epletre, og beskjæring v/ Jon Slagstad.



Det er ikkje ofte vi må avlyse eit hagelagsmøte, men det måtte vi med dette, pga. tungt snøfall natta før og langvarig kulde med frost i bakken. Heldigvis fekk vi høve til å ta det att nokre veker seinare. I år vart vi invitert til fruktgarden til læremeisteren sjølv, og det var veldig kjekt.

**Torsdag 13.april** var veret lagleg med sol i bakkane og mykje folk møtte opp hjå Jon Slagstad, om lag 60

personar. Fyrst var vi oppe i eitt av dei mange plantefelta for eple og Jon forklarte og demonstrerte korleis vi kunne klippe og forme trea og nokre av dei frammøtte fekk

prøve seg på beskjæring. Heile temaet er komplisert og Jon imponerer med sin fagkunnskap i tillegg til humoristisk formidling. Dette er ikkje lært på ein kveld! Etter klippeøkta toga vi ned til naustet der han viste kopulering og frammøtte fekk laga sine egne epletre. I tillegg hadde vi loddsal og kaffiøkt med noko å bite i. Vi vart samde om at til neste år måtte vi ha oss eit større lokale og konsentrere oss om å lage frukttre. Temaet frukttre viser seg å trekkje mykje folk og ei litt anna gruppe enn på dei «vanlege» møta.

## April

15.- 16.april: Regionsårsmøtet på Sandane

I april var det nok ei storhending i lokal hagelagssamanheng: Vi var medarrangørar av regionsårsmøtet til Hageselskapet Sogn og Fjordane. Årsmøtet vart halde på Gloppen hotell over to dagar: På laurdagen var fagdagen med foredrag og middag om kvelden. På søndagen var sjølve årsmøtet.

Gloppen hagelag hadde ansvar for fagdagen på laurdag, og vi kunne skilte med eit variert og interessant program. Vi hadde to foredrag av Tommy Tønsberg. Det eine handla om vårblomstring i hagen. Tønsberg viste bilete og kom med tips om mange fine vårs kattar til hagane våre. Det andre foredraget hans var spesialbestilt av oss: Inspirasjonsforedrag om oppbygging av hagen i Holter. Tønsberg viste bilete frå dei ulike hageromma på småbruket i Nannestad som han og sambuaren tok over for vel 10 år sidan. I foredraget viste Tommy Tønsberg mange fine og inspirerande bilete, og delte interessante tankar om korleis ein bygger opp ein hage og deler inn i ulike hagerom.

Mellom foredraga heldt fylkesstyret lotteri, med mange fine vinstar som kvart av hagelaga i regionen hadde teke med. Tommy Tønsberg hadde med eit variert utval av både plantar og utstyr for sal, frå gardenliving.no, og mange var interessert i å sikre seg godbitar frå han.

Etter fagdelen på hotellet heldt vi fram med besøk hos Gardsbrenneriet på Hauge. Dette er ei lokal bedrift, som produserer drikkevarer basert på varer frå landbruket. Dei produserer eit vidt spenn av ulike alkoholfrie og alkoholhaldige drikkevarer der dei gode råvarene står i fokus. Dei brukar norske råvarer som eple, plommer, bringebær, rabarbra, solbær, rips, jordbær og morellar. Nokre av råvarene dyrkar dei sjølv. Garden har også lange tradisjonar for grønsaksdyrking og dei dyrkar enkelte av urtene som inngår i gin- og akevittprodukta sjølv. Gardsbrenneriet er drive av Synnøve Vik Bergstad og Jann Vestby, og vi fekk ei grundig og interessant omvising, med Jann som omvisar. Det var interessant å sjå korleis dei dyrka ulike urtar, grønsaker og frukt til bruk i eigen produksjon, og kjekt å høyre om korleis dei stadig eksperimenterer med nye smakar for å utvikle nye produkt. Interessant var det også å sjå produksjonslokala på garden, og høyre om tankane deira om investeringar for framtida til bedrifta.

Etter omvisinga på Gardsbrenneriet avslutta vi dagen med festmiddag på Gloppen hotell. På søndagen var det årsmøte, med vanlege årsmøtesaker. Mellom årsmøtet og lunsjen hadde vi ei lita omvising i skulehagen på Firda vidaregåande, i strålende vårver. Alt i alt var dette ei helg vi var godt nøgde med, og det trur vi fylkeslaget var også.

## **Mai**

### **Diverse dugnader, i forkant av 17.mai**

Også i år har vi gjennomført fleire dugnader for å gjere det fint før 17.mai. Det var dei vanlege dugnadene; i Grandeparken, ved inngangspartiet på omsorgssenteret, og rundt omsorgsbustadane på Reed, Byrkjelo og i Hyen. Her følgjer vi vanleg mønster, med luking, klipping og kosting. Vi ser at det vert stadig vanskelegare å halde sanden i Grandeparken fri for ugras, og har i fleire år vore i dialog med kommunen om såing av gras i sanden, for å lette vedlikehaldet. Slik det er no, er det umogleg å halde sanden ugrasfri, så det har vi i grunnen gjeve opp. Det ser ut som det kjem til å ta tid før kommunen evt. gjer noko med dette. Ei anna utfordring som har meldt seg i Grandeparken er at steinane i muren i bakkant av stranda har begynt å dette ned.



*Dugnadsgjengen i Grandeparken. Vi takkar for hjelpa!*

Vi forsøkte å «reklamere» for dugnadene både med ei pressemelding i avisa, og på sosiale medium, men oppmøtet var om lag slik det brukar, dvs. dei vanlege, gode travarane. I Grandeparken var det veldig kjekt at vi fekk dugnadshjelp av flyktingar frå introduksjonsprogrammet i Gloppen. Dei stilte på med ei gruppe på 20- 30 ivrige personar, så der gjekk det unna med ugrasryddinga. Dette kan vi gjerne gjenta. Positive effektar er at vi får levandegjort omgrepet dugnad for flyktingane, dei får litt språktrening, dei får gjere noko praktisk saman med andre, vise kva dei kan, og vi kan kjenne kvarandre igjen og helse på kvarandre. Styret takkar både oss sjølve og andre kjekke medlemmer og ikkje- medlemer som stiller opp på dugnadene våre.

### **20.mai: Planteloppemarknad.**



Som i fjor hadde vi planteloppemarknad i tilknytning til ein landsbylaurdag. Kommunen ordna med bord, og vi sette dei opp på same måte som i fjor, i ein firkant midt på Heradsplassen. I år starta vi ein time seinare, for å vere synkrone med resten av landsbylaurdagsprogrammet. Opningstida vart såleis kl. 12- 14. Vi var heldige og fekk inn mange fine plantar frå medlemmene våre, og hadde eit breitt utval av det mest vanlege, som

hosta, floks og storkenebb. Samtidig hadde vi også ein del «godbitar» til dei som leita etter noko heilt spesielt, t.d. ein del trillium. I år var vi så heldige å få inn ein del jordbærplantar, og selde alle av dei. Det var i det store og heile jamt sal, og nesten alt gjekk unna.



Loppemarknaden er den viktigaste enkeltstående inntektskjelda vår, og i år fekk vi inn ca. 21 000 kr. Det er om lag 2000 meir enn året før. Dei plantane som vart att, vart planta i skulehagen på Firda vgs, og i beda i Byrkjelo sentrum.

Mange av medlemmane våre legg ned mykje arbeid i å lage planter som vi har for sal, og til å hjelpe til på sjølve loppemarknaden. Mange med god fagkunnskap stiller på slik at folk både får plantar og gode råd om korleis lukkast med plantene. Tusen takk til både hjelparar og kundar!

## **Juni**

22.juni **Hagevandring** hos Bodil og Audun Mundal



Mange møtte opp når Bodil og Audun opna hagen sin i Leirbrekka for oss. Hagen er bygd opp over mange år, og ligg i sterkt skrånande terreng. Her er det gjort mykje fint steinarbeid, og det er tett mellom dei kreative innslaga i hagen. Dei har mellom anna funne plass til eit par eigenbygde drivhus, og mange fine platå og sitteplassar. Sjølv om det var ein litt kjølig og fuktig kveld, kosa dei ca. 40 fram møtte seg, mens vertskapet viste rundt i den mangfaldige hagen. Som vanleg vanka det både kaker og kaffi, og vi hadde lotteri med mange fine vinstar. Tusen takk til vertskapet for ein inspirerande kveld. Det er alltid stas å få kome på hagebesøk!

## **August**

23.august: **Hagevandring:** Gatelangs i Furehaugane på Byrkjelo.



Også dette vart ei hagevandring i nokså fuktig og kjølig ver, men hagefolk stiller opp likevel. Vi var ca. 50 stykk som fekk sjå 4 ulike hagar, som ligg i same nabolag i byggefeltet i Furehaugane på Byrkjelo. Vi starta i hagen til Marit Helle Bolstad og Edvin Bolstad. Dette er ein vel 40 år gammal hage som inneheld det meste: dam, grønsakhage, frukttre, drivhus, hagehus, og mange staudar og busker. Eit steinkast frå denne hagen besøkte vi to relativt nye hagar, som framleis er i støypeskeia, nemleg hagane til Torbjørn og Ingelin Niiranen, og

Stian Myklebust og Linn Kristin Beinnes. Dette er hagar med plantekassar og plass til ungeleik. Mellom anna let vi oss imponerte over eit fint beplanta trampolineområde. Til slutt på runda var vi i hagen til Ann Iren Festervoll og Baard Helle Bolstad. Denne hagen vart påbegynt i 2015, og hageeigarane har ei særleg interesse for rhododendron, magnolia og både sjeldne og meir vanlege tre.

## September

### 26.september: Safting og sylting på Samsonbruket på Sande



På Samsonbruket vart vi ynskt velkome av eit opplagt vertskap, som diska opp med diverse smaksprøver frå eigen produksjon av saft. Vi var ca. 20 frammøtte denne dagen. Vertskapet viste oss raust rundt både i huset og hagen, før vi samlast i selskapslokalet som dei har laga til i kjellaren sin. Både Mariel og Martin Eikeset Koren er interessert i å utnytte ressursane vi har rundt oss, og dei vi kan dyrke sjølve. Som ei følgje av det er dei interesserte i ulike måtar å konservere på. Dei både saftar, syltar, og legg på glas, i tillegg til at dei lagar eige øl og har forsøkt seg på litt vin. Dei fortalde om korleis dei dyrkar etter økologiske prinsipp, og korleis dei stadig er på leit etter nye måtar å bruke råvarene på. Dei er alltid på leit etter gamle kokebøker, for her er det mykje kunnskap å plukke opp. Vi avslutta kvelden med lotteri, grønsaker med dip, og flatbrød med kryddersmør. Tusen takk til Mariel og Martin for ein triveleg kveld på Samsonbruket!

## Oktober

### 19.oktober: Lotteri på sosiale medium

Vi er så heldige at fleire medlemmer er flinke til å gje oss vinstar til lotterier som vi har. Det er både plantar, grønsaker og blomsterlauk. I oktober hadde vi såpass mange vinstar att at vi prøvde oss på noko nytt: digitalt lotteri. Vi annonserte lotteriet på facebook og Instagram, og brukte Vipps for å generere loddnummer. Sidan dette var ei forsøksordning og alle vinstane var slikt vi hadde fått donert, sette vi loddprisen til 5 kr. Vi selde lodd for 1500 kr, og kunne dele ut mange fine vinstar til glade vinnarar. Takk til dei som støtta oss gjennom å kjøpe lodd.

## November

### 15.november Dekorasjonar og pynt til advent og jul ved Linda Langlo



Dette var det fyrste møtet vi arrangerte på Movia, og oppmøtet var godt: ca. 70 personar. Fyrst presenterte ein liten gjeng frå Movia produkt som dei lagar og sel i butikken sin. Etterpå demonstrerte Linda Langlo korleis vi kan lage forskjellig pynt til advent og jul, hovudsakleg av ulike plantemateriale. Ho hadde samla m.a. kvist, greiner og mose frå naturen, og minna oss om at vi bør spørje grunneigar før vi sankar slikt. I tillegg hadde ho med seg blomster, lys og andre

dekorelement frå butikken sin. Ho viste m.a. korleis vi lagar julekrans, lysfat og kvisttre. Det er alltid kjekt å avslutte året med eit dekormøte. Stemninga var triveleg og Linda Langlo var, som alltid, inspirerende å høyre på. Det var også kjekt å avslutte kvelden med loddsal, kaffi og peparkaker, samt eit besøk i Movia- butikken, som dei hadde opna eins ærend for oss. Etter møtet var det også populært at vi fekk reise innom Tystad blomster og handle for gode prisar. Tusen takk til Linda Langlo for ein gjevande kveld!

#### **Andre aktivitetar:**

**Prosjekt parselhage.** Det har vore gjort litt arbeid i pallekarmhagen i år, men vi har eigentleg ikkje kome skikkeleg i gang. Det viser seg at vi bør ta opp att pallekarmane som vart etablert hausten 2022, fordi det veks for mykje rotugras der. Dette håpar vi å få gjort til våren, så vi kan få brukarar til pallekarmane komande sesong. Litt har likevel skjedd: Audun har laga ein tokamra kompost, og etablert ein roseboge ved inngangen. Kommunen har sett i stand bordet/ benken som stod der frå før, så den er blitt kjempefin. I tillegg har vi fått utvida arbeidsgruppa som skal jobbe med prosjektet med eit par nye personar, som ikkje sit i styret. Dette er Jenny Hysing og Mai Nyborg. Vi håpar å kome i gang med arbeidet med ny frisk ganske snart etter nyttår.

**Deltaking på Det norske hageselskap si inspirasjonshelg.** Styret sende Ragnhild Eimhjellen og Grethe Myklebust Gausdal som representantar frå Gloppen i år. Inspirasjonshelga var 21.-22.oktober, på Gardermoen. Her fekk dei faglege input frå mellom anna John Taylor, Espen Skarphagen og Anja Bruland. Dette er også eit viktig høve til å knyte nye kontaktar og bli inspirert m.a. gjennom å høyre korleis årets hagelag organiserte arbeidet. I år var vi det einaste laget frå region Sogn og Fjordane som var representert.

### **Styret sitt arbeid**

Styret har hatt 5 styremøte i 2023. På styremøta møter vararepresentantane fast. Utanom styremøta nyttar vi Messenger, telefon, SMS og epost i arbeidet. Styret har framleis ein flat struktur i organisasjonen, med ei god arbeidsfordeling.

### **Nytt lager og lokale for møte**

I år har vi fått på plass ein god avtale med Movia, både om leige av lagerlokale, og leige av møtelokale med kjøken til arrangementa våre. Lagerlokalet er i kjellaren på Movia. Vi har fått rydda vekk tinga våre frå Ungdomsskulen, og har flytta det meste hit. Møtelokalet ligg i hovudetasjen og er romsleg og greitt. Bakgrunnen for flyttinga er ei endring i vilkåra på Ungdomsskulen: Vi fekk ikkje ha lageret vårt ståande der lenger, og kommunen begynte for eit par år sidan å ta betaling for leige av lokale til møte. Då var det naturleg å sjå seg om etter andre alternativ, og vi er nøgde med avtalen med Movia.

**Medlemstalet** i Hageselskapet Gloppen er ved årsskiftet på 88 personar. Det er ein nedgang på 8 sidan sist år. Vi treng fleire medlemmer! Medlemsverving er ikkje så lett, og det må arbeidast med kontinuerleg. Truleg er vi ikkje aktive nok på å spørje folk. Spør personar du kjenner om dei vil vere med i hagelaget, og invitér med deg ein ven på arrangementa våre!

### **Media**

Hageselskapet skriv framleis pressemeldingar med bilde og annonsering i Firda Tidend i forkant av kvart arrangement.

Vi har laga ei ny facebook- side, der vi endra namnet vårt til «Gloppen hagelag». Dette er ei vanleg side (ikkje firma- side, som den gamle), og målet er at den skal vere levande og lett å overføre når vi skiftar styre. Den nye sida har 150 følgjarar. Den gamle sida eksisterer framleis, og den gamle gruppe gjer det også. Dette er ei utfordring, sidan folk er følgjarar her

og der, og vi heile tida må oppdatere alle 3. I løpet av våren kjem vi til å slette den gamle sida og gruppa, så vi berre har ei facebookside. Vi håpar at vi får flytta følgjarane våre frå dei gamle sidene til den nye, og reknar med at det går seg til.

På Instagram har vi 405 følgjarar. Det er 46 fleire enn i fjor.

Vi nyttar også heimesida til hageselskapet til å legge inn arrangement:

*[hageselskapet.no/sognogfjordane/gloppen](https://hageselskapet.no/sognogfjordane/gloppen)*. Denne heimesideløysinga vart fornya i fjor. Den er blitt litt meir brukarvennleg, men det er framleis ein del knot med å bruke den.

### **Økonomi**

Hageselskapet har solid økonomi, og rekneskapen for 2023 syner eit overskot på over 7000 kr.

Styret takkar alle som har møtt opp på våre arrangement, dei som har stilt hagane sine til disposisjon og alle som har hjelpt til på ein eller annan måte!

**Målsetting for styret er å ha allsidige aktivitetar som gir medlemmene sosialt fellesskap og gode opplevingar, samt kunnskap og inspirasjon til hagen.**

Jorun Tennebø

Ann Iren Fostervoll

Ragnhild Eimhjellen

Grethe Myklebust Gausdal

Ingvild Helle Bolstad

Audun Mundal

Anne Marie Kalstad

Eva Skrivervik Alme

Randi Hansen